

## **DPO 13 IKT – Forslag til organisering av IKT i Vestland fylkeskommune – DPO-ansvarlege si tilråding**

DPO-ansvarlege (Paal Fosdal og Ingrid Kristine Holm Svendsen), tilrår den delrapporten som er lagt fram av prosjektgruppa på DPO 13 IKT – Forslag til organisering av IKT i Vestland fylkeskommune, med følgjande merknad:

DPO 13 IKT har skissert tre modellar for organisering:

- A. Ei samla IKT-organisering, med en IKT-sjef for *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*
- B. Ei delt IKT-organisering med ein leiar for høvesvis *Digitalisering* og *Drift og forvaltning* under en felles fylkesdirektør
- C. Ei delt IKT-organisering med en leiar for høvesvis *Digitalisering* og *Drift og forvaltning* under kvar sin fylkesdirektør

DPO 13 IKT tilrår samla alternativ A.

**DPO-ansvarlege vil vurdere både alternativ A og B i det vidare arbeidet. Vi vil ikkje gå vidare med modell C.**

Delrapporten er lagt fram på lokale informasjons- og drøftingsmøte i begge fylkeskommunar 09.01.2019 utan merknadar.

## DPO 13 IKT

# Forslag til organisering av IKT i Vestland fylkeskommune

### Innhald

Samandrag .....	2
Bakgrunn .....	2
Oppgåver og funksjonar den nye organisasjonen skal løyse .....	3
Digitalisering .....	3
Drift og forvaltning .....	3
Lærlingar .....	3
Føringar og prinsipp .....	4
Nasjonale føringar .....	4
Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland .....	5
Oppsummering føringar og prinsipp .....	5
Organisering av IKT i Vestland fylkeskommune .....	6
Alternativ A - Ei samla IKT-organisering .....	7
Alternativ B - Ei delt IKT-organisering med felles fylkesdirektør .....	8
Alternativ C - Ei delt IKT-organisering utan felles fylkesdirektør .....	9
Tal tilsette i dagens IKT- organisasjonar .....	9
Støttefunksjonar .....	10
Vurdering og tilråding av IKT-organisering .....	10
Vurdering av alternativa .....	10
Tilrådd alternativ .....	10
Vedlegg 1 – Kort skildring av oppgåver .....	11


## Samandrag

Dette avsnittet gir et samandrag av DPO 13 (IKT) si vurdering og tilråding til framtidig organisering av funksjonar og oppgåver knytt til IKT i den nye fylkeskommunen.

Arbeidet er basert på intensjonsplan for samanslåing, oppdrag gitt av prosjektleiar for samanslåinga, erfaringar med dagens organisering og nasjonale føringar innan IKT.

Tilrådinga er basert på ei vurdering av ulike modellar for organisering av funksjoner og oppgåver. Det er vurdert tre ulike modellar for organisering, desse er: A) Ei samla IKT-organisering med ein IKT-sjef for *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*, B) Ei delt IKT-organisering med leiar for høvesvis *Digitalisering* og *Drift og forvaltning* under ein felles fylkesdirektør og C) Ei delt IKT-organisering med leiar for høvesvis *Digitalisering* og *Drift og forvaltning* under kvar sin fylkesdirektør. Dei einskilde modellane er vurderte i høve til organisatoriske prinsipp frå intensjonsavtalen, informasjon frå prosessen for tilsetjing av fylkesdirektørar, erfaringar frå dagens organisasjonar og nasjonale føringar og tilrådingar.

Prosjektet sitt forslag til organisering er alternativ A) Ei samla IKT-organisering, med ein IKT-sjef for *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*, plassert under fylkesdirektør for strategisk utvikling og digitalisering. Samordning av *Digitalisering* og *Drift og Forvaltning* er viktig for å kunne utvikle og levere gode tenester i nye Vestland fylkeskommune.



Prosjektet har utarbeida eit utkast til detaljert organisering av oppgåver og funksjoner i høve til skildringar i denne anbefalinga. Dette forslaget til organisering under høvesvis *Digitalisering* og *Drift og forvaltning* vil vere avhengig av ei overordna avgjerd om innplassering og er difor ikkje teke med her.

## Bakgrunn

Oppdrag frå prosjektleiar

Alle delprosjekt skal levere framlegg til framtidig organisering av funksjonar og oppgåver, dette skal sendast til sekretariatet seinast 15. desember 2018.

Prosjektleiari understrekar behovet for at forslaga vurderer ulike modellar for organisering, og at alternativ må vere grunna i arbeidsmåtar for å løyse ei oppgåve.

## Oppgåver og funksjonar den nye organisasjonen skal løyse

Som grunnlag for ei vurdering av ulike modellar for organisering, har vi først skildra overordna oppgåver og funksjonar som vi vurderer det er naturleg å legge til IKT. Dei overordna områda *Digitalisering og Drift og forvaltning* er kort skildra, samt hovudoppgåver under det enkelte av desse områda.

IKT-området i den nye fylkeskommunen må ta i vare følgande overordna oppgåver og funksjonar; *Digitalisering, Drift og forvaltning* og oppgåva som *Lærebedrift*.

Ei kort skildring av hovudoppgåver knytt til det einskilde området er gjort i vedlegg 1.

### Digitalisering

Den nye IKT organisasjonen skal bidra til å understøtte visjon, mål, ambisjon og satsingsområde for digitalisering i den nye fylkeskommunen. Digitaliseringstakta i fylkeskommunen aukar, og digitale løysningar blir ein stadig viktigare del av tenesteproduksjonen for å støtte opp under Vestland fylkeskommune sine verdiar, visjon og mål.

Digitalisering skal bidra til etablering av løysingar som gir effektive prosessar på tvers av fag- og sektor, gjennom innovativ bruk av IKT. Dette er ei strategisk rolle i samspel mellom IKT og tenesteproduksjon i fag- og sektorområda.

### Drift og forvaltning

*Drift og forvaltning* skal ta i vare IKT-systema og -infrastruktur som er i drift i fylkeskommunen, og sikre og bidra at de til ei kvar tid har riktig kapasitet, oppetid og teknisk sikring. Den nye fylkeskommunen vil ved etablering ha lokal drift av dei fleste IKT-system som nyttast, samt infrastruktur som knyter saman alle fylkeskommunale lokasjonar.

*Drift og forvaltning* skal ta i vare overvaking av infrastruktur, klienthandtering, distribusjon av programvare, kapasitetsplanlegging, handtering av brukarstøtte og fjernsupport, forvaltning av dokumentasjon, rutinar og prosedyrar, og sjølvbetjente løysningar for IKT-tenester.

### Lærlingar

Det vert lagt til grunn at den nye fylkeskommunen vidarefører samfunnsoppgåva som lærebedrift. Som lærebedrift er ein ansvarlege for opplæringa i læretida til lærlingane. For IKT-lærlingane er det IKT som har ansvar for læringsmiljø, dette læremiljøet må være

tilrettelagt for å sikre at lærlingane når dei læringsmåla som er sett for ein fagarbeider i dei to IKT-faga.

## Føringar og prinsipp

Vi har i dette arbeidet lagt til grunn føringa gitt i intensjonsplanen for samanslåing, nasjonale føringar innfor IKT-området og erfaringar frå dagens organisering av dei 2 ikt-einingane.

### Nasjonale føringar

Digitalisering er høgt oppe på den strategiske agendaen i kommunal og statleg sektor og i samfunnet generelt. Våren 2017 la KS fram ein ny digitaliseringsstrategi for kommunal og fylkeskommunal sektor med visjonen: *Gode og tilgjengelege digitale tenester styrkar dialogen med innbyggjarar og næringsliv og gjer gode lokalsamfunn*<sup>1</sup>. I tillegg formulerer stortingsmelding 27 (2015–2016) «*Digital agenda for Norge fem hovudprioriteringar for den nasjonale IKT-politikken*», som også er gyldige for fylkeskommunal sektor: brukaren i sentrum, IKT er ein vesentleg innsatsfaktor for innovasjon og produktivitet, styrka digital kompetanse og deltaking, effektiv digitalisering av offentleg sektor, godt personvern og god informasjonssikkerheit.<sup>2</sup>

Digitalisering i sin enklaste form er å konvertere analoge data til digitale data, men omgrepet handlar i dag også om bruke verktøy og teknologi for å forbetre arbeidsprosessar og å endre kvardagslivet. Digitalisering kan også omforma tidkrevjande transaksjonar og manuelle oppgåver som inngår i interne prosessar, spesielt når fleire system er involvert<sup>3</sup>. Teknologi støttar denne utviklinga, men digitalisering handlar også i stor grad om den nødvendige transformasjonen og endringa som må til. Sagt med andre ord så stiller det høge krav til vilje og omstillingskompetanse for å lukkast med digitalisering.

Samtidig handlar digitalisering i stor grad om dataflyt og samankopling av tenester, og ei kontinuerleg forenkling, fornying og forbetring av dette. I samankopling av tenester ligg og grunnleggjande føringar og prinsipp knytt til arkitektur og det å bruke og dele felleskomponentar og ressursar.

For å få til ei digital omstilling, er det nokre sentrale oppgåver og/eller kompetanseområde ein må fokusere på; organisasjonsutvikling og kultur, forankring i leiarskap, ny kompetanse, kompetanseutvikling, regelverksutvikling (tilpassing av lover, forskrifter og reglar til ein digital kvardag), verksemdsarkitektur, informasjonstryggleik, prosjekt og porteføljestyling og infrastrukturutvikling.

Dette er og i tråd med KS sine råd for å lukkast med digitale omstillingsprosessar.

---

<sup>1</sup> «Digitaliseringsstrategi for kommuner og fylkeskommuner», KS 2017

<sup>2</sup> Meld. St. 27 (2015–2016) «Digital agenda for Norge»

<sup>3</sup> «The case for digital reinvention,» Mc McKinsey Quarterly, January 2017, McKinsey.com.

## Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland

Det er i intensjonsplanen gitt ei rekke organisatoriske prinsipp for Vestland fylkeskommune, her er dei mest relevante for vurdering av organisering av IKT:

- Vestland fylkeskommune skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.
- Faglege og administrative ressursar i regionen skal nyttast gjennom ei desentralisert organisering og effektiv samhandling.
- Administrasjonssjefen skal sikre ein kompetent og effektiv organisasjon.
- Oppgåver innanfor dei sentrale fagområda skal framleis kunne utførast i bådagens fylke.
- Tilsette kan halde fram å arbeid innanfor ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleiing har hovudsete. Dette gjeld også for dei sentrale stabs-, drifts- og støttefunksjonane, som også kan organiserast desentralisert og gjennomgåande i organisasjonen.
- Sektorinterne funksjonar og fagleg oppgåveløysing av meir operativ karakter kan organiserast med leiing og fysisk plassering andre stader enn der den administrative sektorleiinga er lokalisert.
- Eit viktig mål med samanslåinga er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar.

### Oppsummering føringar og prinsipp

Med bakgrunn i ovannemnte føringar og prinsipp, vil vi leggje følgjande til grunn når vi seinare i dokumentet gjer vurdering av alternative IKT-organisasjonsmodellar;

#### 1) *Effektiv organisering*

Vi vil sjå på kva IKT-organisering som best kan underbyggje mål om å skape betre føresetnader for ein effektiv administrasjon og tenesteproduksjon og ser at nivå for avgjersle, økonomi og ressurstilgang/-styring er viktige faktorar i den samanheng

- a. Avgjersle og forankring i leiing
- b. Økonomi
- c. Ressurstilgang/-styring

#### 2) *Kompetente og attraktive fagmiljø*

Medarbeidarane er vår viktigaste ressurs, og vi vil sjå på kva IKT-organisering som kan skape dei beste føresetnadane for å sikre rett kompetanseutvikling for dei som allereie er tilsette i tillegg til å klare og rekruttere rett kompetanse (vere attraktive) i konkurranse med marknaden. Viktige faktorar i denne samanheng er å ha gode og robuste fagmiljø, og der ein søker å legge til rette for ein delings-, lærings- og utviklingskultur

- a. Gode og robuste fagmiljø/fagteam
- b. Kultur/arbeidsmiljø
- c. Attraktive og utviklande arbeidsplassar

### 3) *Brukarnære og gode tenester*

IKT-organiseringa må ta omsyn til verksemda sine mål og dei daglege utfordringane. Vi må difor sørge for ei IKT-organisering som både klarer å gjere om verksemda sine mål til IKT-krav der det er relevant samtidig som ein tek temperaturen på daglege utfordringar og løyser desse best mogeleg

- a. IKT-fagkompetanse kan vere plasser på fleire lokasjonar som i dag, og på den måten vere nær brukarane og fange opp behov men samtidig vere del av fagteam på tvers i Vestland fylkeskommune
- b. Ta ut stordriftsfordelar – gode og like tenester

## Organisering av IKT i Vestland fylkeskommune


Ser vi på organisasjonar det er naturleg å samanlikne seg med, så er gjerne ansvar for organisasjonsutvikling og digitalisering lagt til same leiar. Grunngevinga for dette kan vere ulik, men fleire lyftar fram at digitaliseringa og teknologiutviklinga utfordrar eksisterande arbeidsprosessar og set krav til at organisasjonen klarer å utvikle seg i takt med dette.

Gjennom informasjon som følger prosessen med tilsetning av fylkesdirektørar, ser vi at oppgåver knytt til dagens organisering av IKT er delt mellom to fylkesdirektørar, *fylkesdirektør for strategisk utvikling og digitalisering* og *fylkesdirektør for organisasjon og økonomi*. Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi vil ha fleire hovudansvarsområder, mellom anna er IKT nemnd som ein av fleire tyngre hovudansvarsoppgåver. Fylkesdirektør for strategisk utvikling og digitalisering får eit overordna ansvar for å sjå funksjonelle område i samanheng på tvers av fag- og sektorområde.

Vi vil i det følgjande presentere tre alternativ til overordna organisering av IKT i Vestland fylkeskommune, dette basert på den overordna stabsorganisering. Vidare vil vi gjere vurderingar for korleis dei tre ulike tilnærmingane best mogleg støttar opp overordna mål og føringar.

- A. Ei samla IKT-organisering, med en IKT-sjef for *Digitalisering og Drift og forvaltning*
- B. Ei delt IKT-organisering med ein leiar for høvesvis *Digitalisering og Drift og forvaltning* under en felles fylkesdirektør
- C. Ei delt IKT-organisering med en leiar for høvesvis *Digitalisering og Drift og forvaltning* under kvar sin fylkesdirektør

## Alternativ A - Ei samla IKT-organisering



Dette er et alternativ der ein samlar IKT under ein felles fylkesdirektør, fylkesdirektør for strategisk utvikling og digitalisering. Ei samla IKT-organisering i dette alternativet har felles IKT-sjef med ansvar for funksjoner og oppgåver under *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*.

Gjennom ei slik organisering vert det lagt til rette for at fylkesdirektøren si rolle kan reindyrkast til overordna styring og leiing av porteføljestyling der det er fokus på prioritering, samordning og styring av gjennomføring av digitaliseringsinitiativ og –prosjekt.

Ein felles IKT-sjef for Digitalisering og Drift og forvaltning kan fokusere på strategisk planlegging og gjennomføring av digitaliseringsinitiativ og –prosjekt. Med ein felles IKT-sjef vil kunne anvende en DevOps-metodologi<sup>4</sup> til å kontinuerleg integrere og levere løysingar. Ei effektiv utnytting av DevOps-metodikk krev eit tett samarbeid og styring av involverte partar, slik at ein med kort gjennomføringstid kan gjennomføre utvikling, testing og driftssetting av nye løysingar som støtter fag-/sektorområda sine behov. Dette kan gje ein kultur og eit miljø der bygging, testing og publisering av digitaliseringsinitiativ skjer raskt og hyppig.

Gjennomføring av endringar gjennom digitalisering er tett knytt til organisasjonsutvikling og endringsprosessar for å anvende blant anna nye løysingar for å jobbe «smartare» og meir effektivt. Gjennom ei samla IKT organisering sikrar vi at erfaringar frå drift og forvaltning kjem tettare på den strategiske utviklinga og målsettinga. Dette er sentrale bidragsytarar til å identifisere moglegheiter for forbetring innanfor eksisterande løysingar.

Ei samla IKT organisering vil bidra til å etablere ein robust organisasjon gjennom tett samarbeid og dialog mellom *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*, som også vil vere attraktiv for tilsette og ved rekruttering. Gjennom ei slik organisering kan ein sikre at endringar gjennom digitalisering kan ta del i forretningsmodellen og -strategien, og ein unngår eit skilje mellom organisasjonsutvikling og bruk av teknologi. Ei slik organisering legg opp til ei

---

<sup>4</sup> DevOps er ei samansetjing av Dev (utvikling) og Ops(drift). Dette inneber eit nytt syn på relasjonen mellom utvikling og drift, der desse to kompetansemiljøa jobbar tettare saman for å forbetre både utvikling og drift.



lærande eining der alle får vere med, gjennom å bidra til utvikling enten ein er knytt til *Digitalisering* eller *Drift og forvaltning*.

Ei utfordring kan vere å sikre nok fokus på endring gjennom digitalisering. Det kan vere ei utfordring for same leiar å handtere *Digitalisering* sine ønsker og behov for hastigheit i gjennomføring, og *Drift og forvaltning* sitt behov for kontroll. Her kan det og bli utfordrande å få bygd ein kultur som er driven av strategiske utviklings- og digitaliseringsbehov med hovudfokus på verksemda og brukarane sine behov. Dette løysast ved at det er eit klart mandat og struktur for *Digitalisering*, slik at dei er fristilte frå oppgåver knytt til dagleg drift.

Ei slik organisering gjev og høve for større kontroll av dei driftsmessige konsekvensane av digitaliseringsprosjekt og ei felles prioritering av ressursar på tvers av *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*.

### Alternativ B - Ei delt IKT-organisering med felles fylkesdirektør



Dette er eit alternativ der ein samlar IKT under en felles fylkesdirektør, fylkesdirektør for strategisk utvikling og digitalisering. Ei samla IKT-organisering i dette alternativet har egne leiarar for *Digitalisering* og *Drift og forvaltning* som begge er direkte underlagt fylkesdirektør for strategisk utvikling og digitalisering.

Ein organisering med egne leiar, for høvesvis *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*, gjev høve for fokus på endringar i regi av *Digitalisering* og behovet for kontroll i forhold til dagleg drift i regi av *Drift og forvaltning*. gjennom innovasjon og utvikling.

Ei slik organisering legg opp til større grad av skilje mellom Digitalisering og Drift og forvaltning, og i større grad etablering av ei bestillar-leverandør organisering. Ei slik organisering gir økt kontrollspenn og involverer fylkesdirektøren tettare i det operative arbeidet der det er fokus på prioritering, samordning og styring av gjennomføring på tvers av *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*.

Avhengig av korleis samhandling etablerast i eit «bestiller-leverandør» forhold vil det være meir krevjande i forhold til bruk av DevOps-metodologi i smidig utvikling av tenester.

Som for alternativ A) gir samla organisering av IKT under ein felles fylkesdirektør høve for samla prioritering på tvers av *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*. Det same gjeld høve for å etablere eller bruke felles støttefunksjonar.

Ei etablering av meir skilte einingar vurderast som negativt i høve til kulturbygging og for å etablere eit miljø som er attraktivt som arbeidsstad og i forhold til rekruttering. Det kan opplevast som negativt å ikkje vere med på utvikling, men i større grad ha arbeidsoppgåver som er basert på initiativ av andre.

### Alternativ C - Ei delt IKT-organisering utan felles fylkesdirektør



Dette er eit alternativ der ein etablerer eit delt IKT under ulike fylkesdirektørar.

Styrken i ei slik organisering er knytt til reindyrking av *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*, kor fokus kan konsentrerast om dei respektive ansvarsområde.

Gjennom ei slik organisering vert det lagt opp til ei større grad av skilje på ansvar og oppgåver mellom *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*. Dette vil krevje etablering av ei bestillar-leverandør organisering for samhandling mellom einingane.

Ei etablering av meir skilde einingar vurderast som negativt for kulturbygging og for å skape et miljø som er attraktivt som arbeidssted og i forhold til rekruttering. Det kan opplevast som negativt å ikkje være med på utvikling. For Drift og forvaltning kan det i større grad opplevast som å få delta i arbeidsoppgåver som er basert på initiativ frå andre.

Ei delt organisering av IKT, vurderast som utfordrande i forhold til høve for ei samla prioritering av ressursar på tvers av *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*. Eit delt ansvar medfører at konsekvensar endringsprosjekt har for *Drift og forvaltning* må takast hand om av en bestiller-leverandør organisering. I tillegg vil dagleg kontakt mellom brukarane ute i verksemda og *Drift og forvaltning* komme på større avstand i forhold til *Digitalisering*.

### Tal tilsette i dagens IKT- organisasjonar

Intensjonsplanen for samanslåing slår fast at tilsette halde fram med å jobbe i ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleing har hovudsete. Dette gjelde og for dei sentrale stabs-, drifts- og støttefunksjonane, som og kan organiserast desentralisert og gjennomgåande i organisasjonen.

Tabellen viser oversyn over dagens IKT-tilsette og -lærlingar.

Rolle	HFK	SFFK	Totalt
-------	-----	------	--------

Tilsette	73	23	96
Lærlingar	20	15	35
<b>Total</b>	<b>93</b>	<b>38</b>	<b>131</b>

## Støttefunksjonar

Ein så stor organisasjon vil krev eigne ressursar for å ta i vare støttefunksjonar. Det vil uavhengig av val knytt til organisering av IKT vere behov for stabsfunksjon som tek vare på oppgåver knytt til personal, økonomi, avtaleforvaltning m.m.

## Vurdering og tilråding av IKT-organisering

Basert på kriterium som er definert med grunnlag i føringar og prinsipp, gjer vi ei vurdering av alternative IKT-organisasjonsmodellar som grunnlag for vår tilråding.

Vi har gjort en samla vurdering av det enkelte kriterium, der vi har vurdert alternativa i høve til kvarandre. Det er nytta score 0, +, ++ for å illustrere denne vurderinga, der ++ er vurdert til å være det beste. Dette er vist i tabellen under.

Der enkelte kriterium er skildra under avsnitt Oppsummering føringar og prinsipp.


## Vurdering av alternativa

Kriterium / alternativ	Alt. A	Alt. B	Alt. C
1. Effektiv organisering	++	+	+
a. Avgjerd og forankring i leiing			
b. Økonomi			
c. Ressurstilgang/-styring			
2. Kompetente og attraktive fagmiljø	++	+	0
a. Gode og robuste fagmiljø/fagteam			
b. Kultur/arbeidsmiljø			
c. Attraktive og utviklande arbeidsplassar			
3. Brukarnære og gode tenester	++	++	++
a. IKT-fagkompetanse kan vere desentralisert som i dag			
b. Ta ut stordriftsfordelar – gode og like tenester			
Score	6	4	3

## Tilrådd alternativ

Basert på vurdering av alternativa i forhold til kriteria ser vi at alternativ A gir ein best samla score, og slik sett best understøttar overordna mål med samanslåinga, om å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon med attraktive og utviklande arbeidsplassar.

Prosjektet sitt forslag til organisering er alternativ A) Ei samla IKT-organisering, med ein IKT-sjef for *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*, plassert under fylkesdirektør for strategisk utvikling og digitalisering. Samordning av *Digitalisering* og *Drift og Forvaltning* er viktig for å kunne utvikle og levere gode tenester i nye Vestland fylkeskommune.



Organisering under *Digitalisering* og *Drift og forvaltning* vil vere avhengig av overordna avgjer om plassering. Vi har derfor ikkje laga ei detaljert organisering under *Digitalisering* og *Drift og forvaltning*. Dette kjem vi attende med når det er tatt ei avgjer om overordna plassering.

## Vedlegg 1 – Kort skildring av oppgåver

Den nye fylkeskommunen må ha ambisjon om å etablere ei framtidsretta organisering av IKT som er støtta av ein robust modell for IKT-styring og –finansiering.

### **Digitalisering**

Den nye IKT organisasjonen skal bidra til å etablere visjon, mål, ambisjon og satsingsområde for digitalisering i den nye fylkeskommunen. Digitaliseringstakta i

fylkeskommunen aukar, og digitale løysingar blir ein stadig viktigare del av teneste-produksjonen.

### **Informasjonssikkerheit**

Kommunar er pålagt å ha internkontroll på informasjonssikkerheitsområdet. Det er fylkeskommunen si leing som er ansvarleg for informasjonssikkerheiten i kommunen. Leiinga har og ansvar for internkontroll.

### **Verksemdsarkitektur**

Verksemdsarkitekten skal sørge for heilheitsperspektivet i tenester, arbeidsprosessar, informasjonsflyt og IKT-infrastruktur.

### **Porteføljestyring av prosjekt**

Når prosjekt er prioritert bør porteføljen av digitaliseringsprosjekt ha aktiv styring og oppfølging. Det er viktig å ta i vare styring av ressursar som vert brukt i prosjekter, slik at både prosjekt og dagleg drift av eksisterande tenester får tilstrekkelig kapasitet.

### **System-/applikasjonsforvaltning**

Rolle og ansvarsdeling må avklarast mellom IKT og fagsektorene, dette inkluderer rollene som systemeigar, systemansvarleg, systemforvaltar mfl. Ei aktiv systemforvaltning med samhandling mellom IKT-området og fagsektorane er sentral for å drive prosesser for digitalisering og ei løpande digital utvikling.

Systemforvaltning handlar om å sikre samspel mellom organisering av tenesteproduksjon og den digitale støtten til arbeidsprosessane fagsystemet skal gi. Systemeigar skal sikre at fagsystem og tenester understøtter behov for digital støtte i tenesteproduksjonen.

### **Drift og forvaltning**

Den nye IKT organisasjonen skal handtere overvaking av infrastruktur, klientar, distribusjon av programvare, kapasitetsplanlegging, brukarstøtte og fjernsupport, forvaltning av dokumentasjon, rutinar og prosedyrar, og sjølvbetjent løysninga for IKT-tenester.

#### **Drift**

Drift skal handtere IKT-system og -infrastruktur, og sikre at dei har riktig kapasitet, oppetid og teknisk sikring. Den nye fylkeskommunen vil ved etablering ha lokal drift av dei fleste IKT-system og -infrastruktur mellom lokasjonar fylkeskommune og brukarar som skal ha tilgang til IKT-system.

Den operative IKT drifta inkluderer mellom anna beredskap og endring knytt til mellom anna lagring, nettverk, serverar, databasar, datarom mm.

#### **Brukarstøtte**

Brukarstøtte skal handtere overvaking av infrastruktur, distribusjon av programvare, kapasitetsplanlegging, handtering av brukarstøtte og fjernsupport, forvaltning av dokumentasjon, rutinar og prosedyrar, og sjølvbetjeningsløysingar for IKT-tenester.

Dei fleste brukarane at IKT system og infrastruktur har sin arbeidsplass på vidaregåande skoler og tannklinikkar. Dagens IKT-system og –infrastruktur er avhengig av brukarstøtte på det einskilde arbeidsstad, som plassert i alle deler av det nye fylket.

Brukarsupport inkluderer opplæring, brukaradministrasjon, brukarstøtte/SPOC, lokal support mm.

En vidareutvikling av leveranseplattform for IKT-tenester og infrastruktur kan gjennom bruk av støttesystem gi muligheter for en automatisering av tenesteproduksjon.

### **Lærlingar**

Som lærebedrift er man ansvarlig for opplæringa i læretida lærlingane. For IKT-lærlingane er det IKT-einingane som har ansvar for læringsmiljø, dette læremiljøet må være tilrettelagt for å sikre at lærlingane når dei læringsmåla som er satt i faget.

Praksis i læretida gjennomførast innan IKT-drift og –brukarstøtte, det er en forutsetning at det er en felles faglig oppfølging gjennom læretida for å sikre at denne samfunnsoppgåva vert teke vare på ein god måte. Over tid er omdømme som attraktiv lærebedrift avhengig av at IKT fagarbeidar med læretid frå fylkeskommunen er attraktive i arbeidsmarkedet.

Den nye Vestland må legge til rette for eit læringsmiljø i høve til dei ambisjonar det nye fylket har som lærebedrift lærlingar. Totalt har de to fylkeskommunane i dag 35 lærlingar i IKT-faget. Organisering bør leggjast til rette for ei mulig auking i tal lærlingar.